

**Fra:** Mona Gundersen[Mona.Gundersen@fyresdal.kommune.no]

**Sendt:** 06.03.2026 13:13:23

**Til:** Grethe Lassemo[post@gamletovsli.no]

**Emne:** Eventuell reguleringsendring Fisketjønn

Syner til telefon samtale i dag vedrørende ei eventuell reguleringsendring av føresegnene i Fisketjønnplanen.

Vi har nå inne ein søknad om dispensasjon frå maks bebygd areal i planen, for andre gong.

Gjeldande føresegner seier:

2.6. Samla bebygdareal (BYA) for kvar tomt skal ikkje overstige 120 m<sup>2</sup>. BYA kan delast på to bygg, med anneks/uthus på inntil 30 m<sup>2</sup>. Parkering er ikkje inkludert i BYA.

2.7. I tillegg til samla tillete BYA kan det først opp uisolert uthus på inntil 15 m<sup>2</sup>.

Ein kan auke arealet for samla BYA eller sette det som ein prosent av tomteareal. Med stor skilnad i tomtestørleik kan det fort bli mykje areal på dei største tomtene.

Som eksempel har planane på Solliåsen desse føresegnene

e) Maksimalt bebygd areal pr tomt, BYA = 200 m<sup>2</sup>.

f) Maksimalt bebygd areal pr fritidsbolig, BYA= 150 m<sup>2</sup>

g) Maksimalt bebygd areal pr frittstående sekundærbygg, BYA = 40 m<sup>2</sup>.

Eit forslag til endring kan vere

2.6. Samla bebygdareal (BYA) for kvar tomt skal ikkje overstige 150 m<sup>2</sup>. BYA kan delast på to bygg, med anneks/uthus på inntil 30 m<sup>2</sup>. Parkering er ikkje inkludert i BYA.

2.7. I tillegg til samla tillete BYA kan det først opp uisolert uthus på inntil 30 m<sup>2</sup>.

Dette gjer ein maks BYA pr tomt på 180m<sup>2</sup>, utan å endre tal bygg.

Gebyret for reguleringsendring er kr 10 000,-

Tenk på det, så høyrer eg frå deg til vika om kva du ønskjer.

Med helsing

**Mona Gundersen**

*Avdelings ingeniør plan og teknikk*

☎ 95 79 43 42 • ✉ [mona.gundersen@fyresdal.kommune.no](mailto:mona.gundersen@fyresdal.kommune.no)



Fyresdal

Fyresdal kommune, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal  
Tlf: 35 06 71 00 • [postmottak@fyresdal.kommune.no](mailto:postmottak@fyresdal.kommune.no)

[www.fyresdal.kommune.no](http://www.fyresdal.kommune.no)